



GULEN KOMMUNE

---

# PROSJEKT PLANSTRATEGI 2024-2027

---

1. JANUAR 2024

Gulen kommune





## Innhold

1. Kort skildring av prosjektet .....	1
1.1. Generelt .....	1
1.2. Prosjektplan i tråd med anbefalingar frå avtroppande kommunestyre.....	2
1.3. Bestillingar frå kommunestyret.....	3
1.4. Planarbeid som er aktive eller i arbeid.....	3
2. MÅL OG RAMMER.....	5
2.1. Bakgrunn .....	5
2.2. Effektmål.....	5
2.3. Resultatmål for hovudprosjektet .....	6
2.4. Rammer og avgrensing.....	6
3. PROSJEKTORGANISASJON.....	6
3.1. Styringsgruppe .....	7
3.2. Prosjektgruppe.....	7
4. PROSJEKTOPPFYLGING .....	8
4.1. Planlagde avgjerdspunkt .....	8
5. RISIKOVURDERING .....	9
5.1. Risikofaktorar.....	9
5.2. Risikohandtering .....	9

## 1. Kort skildring av prosjektet

### 1.1. Generelt

Dette prosjektet skal skildra arbeidet fram mot ny planstrategi for Gulen kommune i perioden 2024-2027.

Kommunestyret skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta kommunal planstrategi. Jfr. Plan- og bygningslov § 10-1.

Planstrategien skal:

- ⇒ Klargjere dei områder kommunen skal arbeide med i valperioden
- ⇒ Klargjere kva utvikling ein vil ha i kommunen
- ⇒ Dette inneber ei tydeleg prioritering av planar som skal utgreiast og gjennomførast
- ⇒ Prioriteringa skal føre med seg at økonomi- og ressursinnsatsen blir styrt inn mot dei vedtekte planoppgåver
- ⇒ Prioriteringane må vere realistiske ut i frå dei føresetnader som gjeld for kommunen

Ein god planstrategi skal trygge den politiske styring av dei oppgåver som skal prioriterast. Prioriteringa skal basere seg på å bli samd om korleis kommunen skal møte eksisterande og framtidige utfordringar



Førre planstrategi ble vedteken 8.10.2020, arkivsak 19/1034 journalpost 20/9847. Strategien ble evaluert av gamalt kommunestyret den 31.08.2023, arkivsak 23/1106 journalpost 23/9137

Prosjektet skal leggje vekt på viktige utfordringar for samfunnsutviklinga i kommunen og leggje til rette for strategiske val som skal gjerast i perioden 2022-2034, samt setje konkrete mål. Arbeidet skal ta omsyn til sentrale samfunnsforhold som born og unge, demografi-tilpassingar, klima og miljø og næringspolitikk.

## **1.2. Prosjektplan i tråd med anbefalingar frå avtroppande kommunestyre**

Avtroppande kommunestyre har tilrådingar til nytt kommunestyre for arbeidsprosess fram mot ny avgjerda for ny planstrategi.

Utgangspunkt for vurdering av ny planstrategi er gjeldande kommuneplan, samfunnsdel som blei vedteke [11. Mai 2023](#)

Etter denne tilrådinga skal administrasjonen legge fram eit kunnskapsgrunnlag som bygger på mellom anna;

- ⇒ Bestilling frå politisk nivå av områder ein særleg vil ha meir kunnskap om
- ⇒ Vurdering av kommunebarometeret og NHO si KommuneNM kåring.
- ⇒ Folkehelseprofil og oppvekstprofil 2022, saman med ein samanlikning av oppdatert kortversjon av folkehelseoversikt
- ⇒ Framtids-prognoser kva gjeld folketal og sysselsetting
- ⇒ Oppdatert skildring av utfordringsbilete som dei einskilde sektorane arbeider etter opp mot eiga ansvarsområde innanfor satsingane i samfunnsplanen
- ⇒ Nasjonale retningslinjer innanfor dei einskilde områda
- ⇒ Status evt. gjenstående arbeid med utarbeiding av kommuneplan - arealdelen, og dei strategiske val ein står ovanfor her

Det er òg ei tilråding om at det i samband med handsaming av prosjektplanen, vert det lagt opp til ein drøfting av:

- ⇒ Omfanget på medverkar -prosessane.
- ⇒ Politisk styring av arbeidet med ny planstrategi

Siste tilråding er at det vert lagt opp til om i planperioden skal arbeidast med:

- ⇒ Eventuelle endringar av eksisterande satsingar eller nye mål i gjeldande samfunnsplan
- ⇒ Eventuelle nye samarbeidsområde med nabokommunar
- ⇒ At Utvalet med ansvar for plan legg fram ei utgreiing som dei meiner det kan vere naudsynt å få utarbeidd områdereguleringar for einskilde område.



### 1.3. Bestillingar frå kommunestyret

Nytt kommunestyre frå oktober 2023 har bestilt fleire utgreiingar frå administrasjonen. Dei som har karakter av å være ein del av den naturlege planlegginga, vil bli tatt inn og prioritert i samband med utarbeiding av ny planstrategi. Dei områder ein vil sjå på her er;

- ⇒ Arrangere innbyggarmøter
- ⇒ Etablere ei veggruppe frå politisk nivå
- ⇒ Utgreie formuesskatten
- ⇒ Gjennomføre prosess for driftsomstilling
- ⇒ Skipe eit næringslivsråd, fokus på reiseliv
- ⇒ Greie ut fast miljøstasjon i samarbeid med NGIR og Masfjorden kommune
- ⇒ Arrangere og ha fokus på strandrydding
- ⇒ Gjennomføre heilskapeleg ROS

### 1.4. Planarbeid som er aktive eller i arbeid

Oversikta under viser kva planer administrasjonen styrer etter:

Plan	Merknad
<u>Samfunnsplan for Gulen kommune 2023-2034</u>	
<u>Arealdel 2012 - 2024</u> <u>Føresegner for arealdelen - mindre endringar 15.12.2015</u> <u>Teikneforklaring for arealdelen for gulen kommune 02.12.2015</u> <u>Planprogram for kommuneplan for Gulen kommune</u> <u>Konsekvensutgreiing for kommuneplan for Gulen - revisjon av arealdel</u>	<i>Har ny plan i arbeid</i>
<u>Kommunedelplan for oppvekst og kultur 2023-2026</u>	
<u>Omsorgsplan 2016-2030</u>	
<u>Beredskapsplan for Gulen kommune</u>	
<u>Arkivplan for Gulen kommune</u>	
<u>Landbruksplan for Gulen kommune 2021-2030</u>	<i>Drøfting i samband med evaluering</i>
<u>Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019-2022</u>	
<u>Klima og energiplan 2011-2015</u>	<i>Har kunnskaps grunnlag for ny plan</i>
<u>Kommunedelplan for avløp 2020-2027</u>	
<u>Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2027</u>	
<u>Kommunedelplan for trafikktrygging 2013-2025</u>	
<u>Kulturmiljøplan 2024-2036</u>	



Naturmangfold 2024 -	<i>Har utarbeidd kunnskaps grunnlag</i>
Bustadsosial handlingsplan	<i>Er i arbeid</i>
Folkehelseoversikt	<i>Krav om årlege oversikter</i>

### Døme på eventuelle nye satsingar:

Plan	Merknad
<u>Samfunnsplan for Gulen kommune 2023-2034 kapittel xxx</u>	
Kommunedelplan for oppvekst og kultur 2023-2026, kapittel xxx	<i>Har ny plan i arbeid</i>
Strategisk Næringsplan - ny	

### Pågåande arealplaner :

Plan	Merknad
Arealplan KPA, rette opp krav frå Statsforvaltaren	<i>Eit pågåande arbeid</i>
23/1082 Gbnr. 63/15 mfl. Halsvik. Endring av reguleringsplan for Gulen Industrihamn Plan ID 4635-2013003 Sløvåg.	
24/xxxx Gbnr 63 m.fl, ny reguleringsplan	
23/1033. Gbnr. 79/47, 79/53, 79/54, 79/1, 79/33 og 79/36 Sande. Skipavika Næringspark. Plan ID 4635-2023002 Skipavik.Tiltakshavar: Skipavika Næringspark AS.Ny reguleringsplan	
23/197 Gbnr. 79/4 og 79/33 Sande. Skipavika Næringspark. Endring av reguleringsplan planID 2012005	
23/906 Gbnr. 92/1 Nappen. Solcellepark Tiltakshavar: Nappen Eiendom AS Ny reguleringsplan	
23/871 Gbnr. 63/15 Halsvik/Sløvåg. PlanID 4635-2023003 Mindre endring	
22/1092.Gbnr. 79/3, 79/5, 79/19 og 79/33 Sande. Detaljreguleringsplan. Indrevika feriesenter .Ny reguleringsplan	
21/618 Eivindvik sentrum. Reguleringsplan. Ny reguleringsplan	



19/1466 - Stadutvikling Eivindvik 20/1440	
Gbnr. 91/1 Mjømna. Mjømna bubilcamp, Mindre endring av reguleringsplan , ID 2014004.	
21/37 Sjursmarka, ny reguleringsplan	
21/1152 Byrknes panorama, ny reguleringsplan	
Oppedal ferjekai. Ny reguleringsplan	
23/59 Arehaugen, Sande. Ny reguleringsplan	
19/632 Flolid. Mindre endring	

## 2. MÅL OG RAMMER

### 2.1. Bakgrunn

Ved kongelig resolusjon frå [20. Juni 2023](#) har regjeringa lagt fram sine forventningar til kommunal planlegging. Dei områda som blir trekt fram er ;

- ⇒ Samordning og samarbeid i planlegging
- ⇒ Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- ⇒ Velferd og berekraftig verdiskaping
- ⇒ Klima, natur og miljø for framtida
- ⇒ Samfunnstryggleik og beredskap

Det utfordringsbilete som er skildra frå Vestland Fylkeskommune er skissert under desse tema:

- ⇒ Bygdeutvikling
- ⇒ Klima og Energi
- ⇒ Livskvalitet og like moglegheiter
- ⇒ Naturmangfald og areal
- ⇒ Verdiskaping og kompetanse
- ⇒ Samarbeid om kunnskapsutvikling og innovasjon

### 2.2. Effektmål

Kommunen har i gjeldande samfunnsplan sett føringar og tydelege målsetjingar på dei einskilde områda innan kommunen sin administrasjon, slik som sentraladministrasjon, oppvekst, helse og omsorg og samfunn.

Kommunen har i dag sortert sine målsettingar under fleire satsingsområder:



- ⇒ Organisasjonen Gulen kommune
- ⇒ Barn og Unge
- ⇒ Det er godt å bu i Gulen
- ⇒ Næring og sysselsetting
- ⇒ Miljø, Klima og forureining
- ⇒ Kultur idrett og frivillig arbeid
- ⇒ Samfunnstryggleik og beredskap

Alle satsingane har sett berekraft som ei føresetnad for kva effekt/kriteria for måloppnåing ein ynskje. Med dette meiner ein at kommunen skal ha ein utvikling som treff innbyggjarane sine behov utan å øydelegge dei moglegheiter den framtidige generasjon får. Berekraft vurderast ut i frå dimensjonane klima, miljø, økonomiske og sosiale tilhøve.

### **2.3. Resultatmål for hovudprosjektet**

Prosjektet er ferdig når det er teke ei avgjersle i kommunestyret om kva planer ein skal gjennomføre og kva satsingar ein skal prioritere i kommande periode.

### **2.4. Rammer og avgrensing**

Kommunen skal gje klare prioriteringar som speglar samfunnsutviklinga samstundes som den tek høgde for framtidige lovkrav og tek vare på kommunen sin sjølvråderett.

Folkehelse, klima- og miljøperspektiv må vere gjennomgåande tema for dei planar kommunen utviklar og gjennomfører.

Ordinær planlegging for sektorane skal ikkje gå inn i prosjektet.

## **3. PROSJEKTORGANISASJON**

Dette er prosjektorganisasjonen:



### 3.1. Styringsgruppe

Formannskapet. Dei skal ta standpunkt til generelle retningsval som vert gjort undervegs. Dei skal få presentert kva som avgjerast i kommunestyret, samt godkjenne delleveransar og budsjett.

### 3.2. Prosjektgruppe

Kommunen sin strategiske leiargruppe er prosjektgruppe for utarbeiding av planstrategi. Dei vil involvere leiargruppa, GMU og andre aktuelle aktørar for å få fram status og framtidig behov for kommunen.





## 4. PROSJEKTOPPFYLGING

### 4.1. Planlagde avgjerdspunkt

Strategiplan Gulen kommune 24-28 Framdriftsplan	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober
<b>FASE 1- Oppstart/Utgreiing</b>										
Oppsett for aktuelt kunnskapsgrunnlag	X									
Presentasjon av statistikk på dei einskilde områda, med skildringstekst		x								
Skildring av nasjonale forventningar og lokale utfordringar			X							
Statusskildring av planer og framlegg til prioriteringar				X						
Drøfting i utval, formannskap og kommunestyre				X						
Val av medverkerarenaer				X						
<b>FASE 2- Medverknad</b>										
Innbyggermøte					X					
Særmøte Samarbeidande kommunar					X					
Møter med ulike interessentgrupperingar					X					
<b>FASE 3- Utforming og vedtak</b>										
Utarbeide drøftingsnotat som grunnlag for ny planstrategi						X				
Innspel frå politisk partigrupper								X		
Utkast til planstrategi (30 dg høyring)									X	
Vedtak										X



## 5. RISIKOVURDERING

I det fylgjande vert kritiske risikofaktorar lista opp. Dette er uønska hendingar som kan føre til at Gulen kommune ikkje klarar å innfri målsetnadane i prosjektet.

### 5.1. Risikofaktorar

Risikofaktor	S	K	RF	Mottiltak
Tid (kapasitet hos nøkkelpersonar)	4 høg			Leige inn ressursar, framdriftsplan, prosjektleiargruppe framfor ein prosjektleiar
Akutt vakanse/fråvær	2 låg			Prosjektleiargruppa kan tilpasse og justere ressursar
Manglande kompetanse til å hente inn data	4 høg			Avsett midlar til bruk av kjøp av tenester
Budsjett. Ikkje sett av nok midlar. Overskriding	2 låg			Justere budsjettet
Politisk involvering fungerer ikkje	3			Blir arbeid særleg med dette i forkant av eit kommunestyre i mai
Manglande medverknad frå interessentar	3 middels			Fleire kanalar; digitalt og fysisk
“Bestillingar” hos prosjektgruppa vert ikkje innfridd / dårleg kvalitet	3 middels			Vere bevisst på tydelege bestillingar. Forankre planprosjektet og bevisstgjere ansvar
“Bestillingar” kan misforståast. Ny leveranse krev utvida frist.	3 midels			Vere bevisst på tydelege bestillingar. Forankre planprosjektet og bevisstgjere ansvar
Usekje om retning pro.leiargr./pro.gr/styringsgr.	3 middels			Sikre arena for diskusjon, respektere fatta avgjerder og retning

### 5.2. Risikohandtering

Vurdert som mest kritisk for å ferdigstille planstrategien til Gulen kommune er tid og kapasitet hos nøkkelpersonar.

Eit anna kritisk moment er det pågåande arbeidet med arealplanen. Her føreset ein at arealplanen vert godkjent før samfunnsplanen. Det kan difor kome utsetjing på bakgrunn av dette arbeidet.